

Resolusjon

REKTORANE SI ARBEIDSBYRDE OG LØNSNIVÅ

Utdanningsforbundet Lindås ser at rektorane i kommunen dei siste åra har fått ei stadig auka arbeidsbyrde. Både frå kommunalt nivå, frå fylkesnivå og frå nasjonalt nivå kjem stadig nye lover, reglar, rutinar og krav som skal følgjast opp. Veldig ofte kjem det nye i tillegg til, og ikkje i staden for det gamle. Rektorane må bruke meir og meir tid til rapportering og dokumentasjon, og får mindre og mindre tid til pedagogisk utviklingsarbeid.

Sentraliserte reinhalds- og vaktmestartenester bidreg òg til auka arbeidsbyrde. Når rutinane for innmelding av behov tar tid, og det ofte er ventetid for å få arbeid utført, ser rektorane seg stadig nøydde til å utføre arbeidet sjølv.

Det har dei seinare åra vore svært få søkjarar til skuleleiarstillingar i Lindås kommune. Det er tydeleg at desse stillingane ikkje er attraktive i dagens arbeidsmarknad. Ein gjennomgang av lønsnivået til rektorane i Lindås kommune og dei omliggande kommunane, viser at rektorane i Lindås lønast lågare enn dei fleste andre.

Det er no nedsett ei partssamansett arbeidsgruppe i kommunen, som skal gå gjennom rektorane sin arbeids- og lønssituasjon. Utdanningsforbundet Lindås krev at arbeidet i denne gruppa munnar ut i eit dokument som forpliktar partane til ein heilheitlig gjennomgang av rektorane sine arbeidsoppgåver for å:

- forenkle rutinar, redusere byråkrati, redusere møteverksemnd og unngå dobbeltarbeid der det er mogleg.
- få frigjort meir tid til personalleiring og pedagogisk utviklingsarbeid.
- avklare ansvarsforhold i høve til støttefunksjonane, og å få støttefunksjonane riktig dimensjonert i høve til sine arbeidsoppgåver.
- få dimensjonert administrasjonsressursen til skulane i høve til arbeidsoppgåvene.
- få på plass kompensasjonsordningar for overtid.
- betre konkurranseevna lønsmessig.

Utdanningsforbundet Lindås ønskjer ikkje å forskotere lokale lønsforhandlingar, men ser det som ein fordel å få innført eit kriterielønssystem for rektorane, med ei minste startløn og høve til individuelle tillegg ut frå gjevne kriterium (t.d. lang erfaring eller gjennomført skuleleiarutdanning). Dette vil bidra til meir føreseielege og samanliknbare lønstilhøve.

Det er viktig med kvalitet og stabilitet i skuleleiingane. Difor må rektorane har løns- og arbeidstilhøve som er konkurransedyktige.

Resolusjon vedteke på årsmøtet til Utdanningsforbundet Lindås 2.april 2014